



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinnelag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinneklag



Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

September 1997

"Fra Varhaugmarken"



Mykje folk, og god stemning i det fine véret



Husk årsmøtet til bondelaget 23. September

Husk årsmøtet til bondekvinneklaget 25. September



Sommersprell på
Skretting

Varhaugmarken

Bondekvinnelaget



Brukskunstutstillinga som bondekvinne-
laget starta opp med i Lerbrekks-
huset ifjor, vart i år i gangen på Rådhu-
set. Mangesa «ja» til å vera med på dette,
og bondekvinnelaget vil her
få seia ein takk til alle de
som stilde opp!

Det var nok gjerne meir
«sentralt» i fjor - og me
kunne nok gjerne annonsert
utstillinga litt betre, for på
fredagen var det ikkje så
veldig mykje folk. Noko
meir vart det på lørdagen,
men det kunne sikkert kome
fleire. Men dei som kom,
fekk i alle fall sett mykje fint
i tillegg til at det var ting for
sal.

Bakinga og kinninga i
«Bondeteltet» gjekk og godt.
Sjolv om me masar på dei

same folka år etter år, så er
dei positive og stiller opp.
Mange takk for at de er så
greie!

Elles var «Gågata» full
av folk og utstillingar. Det
var mest ikkje råd å koma
fram, men det er slik det
skal vera undr Varhaug-
marken.

4-H selde kjempegod
lapskaus, men i tillegg
hadde dei noko nytt av året.
Heimelaga BOMBOM. Dei

var gode dei! Håpar at dei og vil selja
bombom neste år.



*Mykje find handarbeid var utstilt under Marken.
Det var og høve til å kjøpa eit kvart*



*Jane Elin Bjelland var ei av 4H
jentene som selde lapskaus og
bombom*

Svala 4H

Me fekk i år ansvaret for å setja
opp og ta ned røyrbuene. Ein stor takk
til dei medlemmane og til dei foreldra
som var med på dette.

Svein Lobekk
Tlf. 51 43 09 99

WALDELAND & DUBLAND A.S

Djupholdsv. 3, 4360 Varhaug
Alt i mur - puss - flier

Mobil: 946 70 773

Tlf. 51 43 05 09

Fax: 51 43 12 22




- fagkunnskap gir trygghet.

Varhaugmarken



*Lauretz Håland og Tor Jan Lende
under tilberedningen av spekematen*



*Jan Håland, Sigmund Rangen og Arild Vagle
delar ut fenelår og spekeskinke*



*Haldis og Olaug Varhaug hadde godt
handlag med kinninga*

Bankstafetten



*Her har vi Arne Odland i innspurten
under Bankstafetten*



*Inger Ueland svinga kjevlet som ei
"gammel" bakstekjerring*



Arbeidet til valnemndene

Det er nå 3. og siste året mitt i valnemnda til Varhaug bondelag, og etter ein del om og men har me fått kabalen til å gå opp i år. Men me har vore «innom» mange kandidatar.

Etter desse åra spør eg: Kvifor er det så mange som ikkje vil vera med i lagsarbeid? Alle laga - enten det gjeld idrett, korps eller bondekvinnelag - så slit dei med det same. Alle vil at laga skal eksistera, men det er ikkje mange som vil yta noko ekstra for laget sitt.

BSF arr. kurs for valnemndene der tema er: Krav og vurdering av kandidatar, m.m.. Eg trur ikkje me vert flinkare til å få fatt i folk om me går på kurs. Det er dei ymse medlemmane i laga som burde vore kursa til å ta ansvar for dei laga dei er med i.

I Time har dei 1 bondelag og 1 bondekvinnelag. Skal det verta slik her

og at me får Hå bondekvinnelag og Hå bondelag? Ja, eg berre spør!

Men, eg trur ikkje at arbeidet til valnemndene vert enklare om dei har fleire å spørja. Dei fleste vil ha fritida si for seg sjølv, og ikkje dela den med andre. «Nei, lagsarbeid - det passar ikkje for meg, det får andre ta seg av». Er det nokon som kjenner seg igjen?

Liv Hobberstad.

Hå BSF

Som kanskje dei fleste er kjent med, vart det i fjor danna eit Hå Bygdefolkets Studieforbund (BSF). Her er desse laga med:

Varhaug, Vigrestad og Ognabonde- lag, Varhaug og Vigrestad BU, Varhaug og Ognabonde/Vigrestad bondekvinnelag og Sor-Jæren Sau- og geitavlslag.

Desse laga har fått i stand avtale med Hå Gardsrekneskapslag som tek seg av rekneskapen for Hå BSF. På dette viset vert det ikkje så mykje papirarbeid for studieleiarane, og ein håpar at det difor skal verta lettare for dei ymse laga å få nokon til å ta på seg dette vervet.

Fjordkjøkken

Etter ei laaaang, laaang ventetid er det endeleg noko som skjer i «meieriet» 11. september vart Fjordkjøkken offisielt åpna. Me som har vore på «utsida» har sett at det har vorte arbeidd i meieriet både tidleg og seint i lange tider. Men me forstod at det nærma seg slutten då bokstavane VARHAUG MEIERI forsvant frå veggen. Så nå skal det verta

spanande framover, vil produkta slå an? Det håpar Varhaugbuen. Tenk endeleg er det matproduksjon igang i meieriet, var det ikkje noko slik Liv skreiv i sangen til den siste meierifesten?



FJORD
KJØKKEN

Opprett BSU hos oss nå,
og vi kan gi deg
90% lån til 60% pris
til ditt første boliglån

SpareBank 1 SR-Bank

Best når det gjelder



Kurs hausten/vinteren

Nå er katalogen frå Rogaland Bygdefolkets Studieforbund (BSF) kome, og her er det ein god del kurs; slik som Samvirkekurs, Eigenutvikling, Vaylkomitearbeid, Organisasjonskurs, Studieleiarkurs og mange fleire. I det høvet vil eg her sitera kva fylkesleiaren i RBK - Jenny Hadland skriv til lokal-laga:

«Håper dere alle har hatt en fin sommer.

Nå som vi har tatt til på en ny arbeidsperiode, vil jeg komme med en kort orientering, men likevel viktig. Dere vil i tillegg til dette brevet få en kursfolder for høst/vinter. Håper dere gjennomgår kursfolderen grundig i styret, og at dere får den ut til medlemmene.

Det er viktig å gå på kurs, en lærer

faglig og blir tryggere på seg selv. Etter hvert som en blir tryggere på seg selv, får en et bedre selvbilde. I tillegg får en utveksle erfaring med andre lokallag. Det sosiale er med til å gjøre kurset til et hyggelig samvær.

Med tanke på å få nye inn i styret, er det viktig at de får komme med på kurs. Det gir styrke for medlemmene å få delta i ting som de kanskje ved en senere anledning skal arbeide med. Elles håper jeg at så mange som mulig fra lokallagsstyret melder seg på et eller flere kurs.

Da treffes vi på kurs jenter!»

Ja, her er det berre å ta kontakt enten med Liv eller ein av dei andre i styret, dersom det er kurs de vil gå på.

LIV



BYGGMESTER / AUT. ENTREPRENØR

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 Varhaug

Telefon: 51 43 13 50 * Fax: 51 43 44 70

Mobil 964 15 499



Varhaug Handelslag



**Jæren
NATURTERAPI**

Gjertrud Hobberstad

Naturterapeut MNNH

Aromaterapi

Zoneterapi

Kinesiologi

Øreakupunktur



Dysjalandsv. 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 00 36

Kursarbeid

Det er nå i gang eit bunadskurs, og eit vevkurs. Til vevkurset var det stor interesse, så eg håpar at dei som ikkje fekk plass nå, kjem tilbake til kurset i januar.

Det er dei same lærarane som tidlegare; Helene Haugedal og Torill Haver.

Det var og sett opp eit ABC-kurs (nybegynnarkurs) i lappeteknikk, men der var det ingen som melde seg på. Er det andre kurs de meiner det kan vera interesse for, så ta kontakt med Liv eller ein av dei andre i styret.

På nyåret vil me prøva oss igjen med eit kurs i omsying (les utsying) av bunad. Det er utruleg mange av bunadane som kryp mens dei heng i klesskapet. Dette kurset var populært i vår, så eg håpar det vil slå godt an neste gong og.

Helsing studieleiaren.



Basaren

Lørdag 30. august hadde bondekvinnelaget den årlege basaren. Tidlegare år har den vore i september, men i år framskunda me den ein månad. Dette vart gjort av 2 årsaker; det vart alltid så hektisk med årsmeldinga sidan resultatet av basaren skulle med der, og i september er det alltid eit ras med basarar.

Sjølvs om Jærmessa og var denne lørdagen, så trur me ikkje det hadde noko å seia. Ein god del folk kom på basaren, og det hadde sikkert ikkje kome fleire om ikkje Jærmessa hadde vore.

Basarkomiteen som var Kirsten Varhaug, Astrid Varhaug, Judith Skretting, Margot Varhaug og Lisbeth Ueland hadde laga ein fin rame rundt basaren med fine gevinstar, god mat og fin musikk av Torill Egeland Reime. Utlodninga gjekk fort og greitt unna, og med fekk inn ca. kr. 22.000.

Det har vore tradisjon i laget at dei som ikkje broderte, strikka, hekla osv. gav ein gevinst; enten åleine eller saman

Hau斯塔kke-gudsteneste

Det er Varhaug bondekvinnelag som skal pynta i kyrkja til hau斯塔kke-gudstenesta, som er den 19. oktober. Håpar at mange av medlemmane vil mota opp i kyrkja denne søndagen.

Internatnytt

Nå er vevromet endeleg ferdig, og det har vorte skikkeleg fint.

Me hadde siste dugnadskveld 3. september, og då var det berre gardina som mangla. Me har nå fått eit lyst og fint rom, så me vil håpa at vevkursera vert like populære i tida som kjem.

Det har vore meininga å ha ein «Åpen dag» på Internatet, der folk i bygda kan koma og sjå kor fint me har fått det. Nå har alle 4 laga fått «nye» rom. Kva tid denne åpne dagen vert, vil verta opplyst på årsmøtet til bondelag og bondekvinnelag. Elles vil det verta oppslag i ramen på handelslaget.

Helsing Internatstyret.

med andre. Dette har me nok ikkje vore flinke nok til å informera nye medlemmer om. Dette seier me oss leie for. Det er nok sikkert mange ting som me i styret tek for gitt at alle kjenner til bl. a. dette med å plukka ut medlemmer til basarkomiteen utan å spørja på førehand. Er det ting de tykkjer er uklart, eller som kanskje kunne vore gjort annleis, vær grei å ta kontakt med ein i styret.

Helsing styret i bondekvinnelaget.

Årsmøtet

Varhaug bondekvinnelag skal ha årsmøte torsdag 25. oktober på Eldresenteret. Utenom vanlege årsmøtesaker vil me få litt sang og musikk og Jenny Hadland vil bl.a. snakka om Omsorg.

Alle er velkomne!

Først på Jæren !

Du kan nå få utført dine banktjenester også på internett



Ønsker du mer informasjon, kontakt oss.
<http://time-sparebank.no>

Bryne
51 77 91 00

Varhaug
51 43 11 24

Kvernaland
51 48 73 00

Undheim
51 48 44 73

TIME SPAREBANK



Grillkveld på Holmavatn

Mandag den 26. mai arrangerte bondelaget og bondekvinnelaget grillkveld på Holmavatn. Sjølv om været ikkje var det aller beste, med ein sur og kald nordavind, kom det godt med folk. Vi hadde ein fin kveld. Det vart servert rikeleg med grillmat med nødvendig tilbehør. Ingen trong gå heim svoltne etter denne kvelden. Om ikkje véret frista til så mange uteaktiviteter såg folk ut til å trivast og det var mykje folk og godt dros i matsalen.

Utpå kvelden samlast vi oppe i peise-stova. Karl Edvard Aksnes, meieristyrar ved Rogalandsmeieriet Vikeså, var med og fortalde og viste lysbilete frå ein tur han hadde hatt i Mongolia. Vi fekk eit lite bilete av korleis jordbruket var i dette landet som tidlegare var ein del av Sovjet-samveldet. Dette var interessant.

Vi hadde også ei utlodning utpå kvel-

den. Vi hadde fått inn mange fine gevinst-art og nyttar anledningen til å takka alle som ville bidra med dette.

GEAA

Årsmøte

Ja nå har me kome til september igjen. Det er mest ikkje til å fatta at det snart er eit år sidan sist årsmøte. Tida går så altfor fort. Den 23. september er det duka for årsmøte igjen. Den nyvalde leiaren i Norges Bondelag, Kirsten Ingjerd Verdal har lova å vera med oss dette året. Dette og god middag (sursteik med tilbehør) bør vera god grunn for medlemmane å gå mann og kvinne av huse til årsmøte.

Banksalen 23. September kl. 19:30

Håper på godt framnote

VARHAUG HUD- OG FOTTERAPI

v/Heidi Dubland

- * Hudpleie
- * Fotpleie
- * Hårfjerning
- * Vortebehandling
- * Farge vippe/bryn
- * AHA/Fruktsyre-behandling
- * Kunstnegler
- * Make-up

Tlf. 51 43 13 69
Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etc SR-Bank)





BYGGMESTER
Jon Harald
Håland as

Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03



Grilltur



27. mai hadde me grilltur til Grodaland. Me sykla samla på lang rekke frå internatet i seks-tida. Veret var brukande, men det bles litt. Etter at alle var vel nedkomne, fekk me fyr på grillen. Ikkje lenge etter var dei fleste i gang med å eta, og då grillen vart verkeleg varm, var me så godt som ferdige med maten.

Me hadde med volleyballar og nett, banen var vegen, og nettet festa me i nokre tre. Innsatsen var på topp.

Seinare hadde me natursti som Anita og Solveig hadde laga og sett ut.

Me gjekk to og to i lag, og me prøvde å la aspirant gå saman med junior eller senior. Samarbeidet gjekk greitt, alle kom gjennom løypa og til slutt vart Marita og Guri Marie utropt som vinnarar.

Fin tur, synd at ikkje fleire møtte.



Her har vi vinnarane på naturstien:
Guri Marie Flåten og Marita Varhaug

Plast-innsamling

Lordag 24. mai hadde me plast-innsamling. Som vanleg stilte me med plastpressa bak meieriet i ni-tida lordag morgon. Steinar kjørte pressa og Eilef, Magnar og Jon mata pressa med plast.

Det kom ein del bønder som var glade for å verta kvitt plastavfallet sitt, men det var færre enn i fjor. Me trong ikkje overanstrengja oss for å halda unna «køen».

Me greidde til slutt å pressa fire ballar, noko me nok tykte var lite samanlikna med tidlegare år. Me håpar at mange fleire kjem neste gong me skal samla inn plast, nemleg **lørdag 6. desember**. Merk av datoen alt no.

Takk til Arild som stilte lastebil til disposisjon, og til Arvid som kjørte plastballane til Sirevåg.



DAGROS – EIN SANN DRIVSTOFFLEVERANDØR

Mjolk dekkjer alle grunnleggjande behov kroppen har for energi – og for forming og oppbygging av celler og ves. Som næringsmiddel er mjolk eit av dei mest fullverdige vi har.

Barna i Rogaland drikk mest skulemjolk i heile Noreg. Hald fram med det! Eit sunt kosthald er nødvendig for god læring og vekst.

Rogalandsmiljøet



EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SL.BYGG A/S
SKRETTING & INGEBRETHSEN

Tlf.: 51 43 04 95
Fax: 51 43 25 90

Tradisjon i solid håndverk



Bilder fra krabbeturen til Bodle



Kokinga er i full gang



Jan Ove med krabben

Gilde Agro Fellesslakteri BA

Kjøttprodusentenes • bedrift
• interesseorganisasjon
• varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE

ODLAND 4/s

4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

**Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning**

**HÅ REGNSKAP OG DATA A/S**

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

Regnskap - Lønn - Årsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m



N • A • R • F

NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM

**JÆRBETONG A.S**

Njølstad, 4350 NÆRBØ

51 43 37 77

Fax 51 43 40 87

VI LEVERER:

Ferdigbetong
Betongpunping
Betongpeler

Kanotur

Tysdag den tree juni møtte me på Holmavatn i kvellingå. Dæ va sol å knallfint ver. Magnar hadde mæ sæg fira kanoa så me sko padla øve vatne mæ. Oppmøde va ganske gått, så me fant ud atta dæ va litt lide mæ dai fira kanoane, jaffal si me kun fekk låv å væra tri i kvær. Men me he ikkje meir enn fira kanoa, så løysingå va at me måtte padla øve å hiva av to stykk, å ittepå måtte den så såd ijen padla tebage for å henta ett nytt lass. Dæ vart enn del tura att å fram for addle endele kom torre øve. Darr va injen så kveltra, - loye nokk.

Nå me hadde finje rigga okke te, va dæ nogen så badte, nogen så fiska (å di fekk faktisk fisk au), mens andre bara slappte av å trykkte i tryne snob å franske.

Itte ai stonn va darr nogen så kom på att di va litt svoltne på grillmad (dæ va dai så ikkje hadde hatt ti te å eda snob) så me måtte få fyr på grillen. Sveinung va så opptogen mæ fiskingå si att dæ va Magnar så måtte få fyr på grillen, fordæ om han au hadde lysst å fiska, men han hadde jo ikkje toge mæ sæg fiskestong.

Då grillen bjunnde å verta varme sto addle i flokk ronnt. Pølsene å kotelettane låg meste oppå ennaen, for grillen va ikkje akkurat av den støste sorten. Jaja, me fekk dæ te, å addle vart mette te slutt.

Då dæ bjunnde å nimma sæg tiå for heimrais, va dæ manje jesne arma, men me kom okke addle heile å torre tebage ijen.

Me hadde enn knallfine kanotur å dæ både såg å haurest ud for att addle koste sæg å hadde dæ jillt.

Solveig

Haust-festen

Minner om haustfesten i Svala 4H som skal vera fredag 24.oktober.

Me stiller ut torsdag 23. om kvelden.



6.-8. juni

Leir i Møgedalen

Aspirantane og juniorane møttest på meieriet på Varhaug klokka halv fem. Me fann ut at me hadde ganske god tid, så derfor vart me einige om å venta ein halv time med avreisa. Ungane fekk då tid til å kikka seg litt rundt nede på Varhaugmarken.

Alle 4H-klubbane samlast på Helleland, derifrå skulle me køyra til Møgedalen i lag. Då me var vel framme på leirplassen, sette me opp telta og rydda ut bagasjen. Til kveldsmat fekk me tomatsuppe og brød. Etter maten sat me og kosa oss nede ved telta. Det var ikkje så mange frå Svala som var på leir, men me som var der hadde det gøy saman.

Telta vart herja litt med fordi det bles ganske godt av og til. Me måtte ut og slå nedi pluggane og strama snorene fleire gonger.

Laurdags morgon vart me vekte av grytelok. Me trur at dei fleste var einige om at det var slitsomt å stå opp, men etter at me hadde fått strekt oss og fått på oss kleda var alle klar for frokosten. Maten vart servert ute på ein tilhengjar. Maten var god, men melka var kokande varm.

Me (Anne Mette og Siri) var ute og sette opp postane til naturstien medan dei andre gjorde ferdig frokosten. Alle var med på naturstien, nokre var skeptiske, andre berre rasa gjennom løypa.

Utpå dagen opna snopebua, og då fekk me det travelt. Det var lange køar, og snopet forsvann som dogg for sola.

Volleyball var eit sjølvstøtt innslag, men diverre så gjorde me i Svala det ikkje så godt. Men dei fleste var svært ivrige, og det viktigaste var at alle hadde det moro.

Kvar av klubbane hadde fått i oppgåve å ha eit underholdningsinnslag. Me i Svala hadde ikkje peiling på kva me skulle finna på. Me tenkte lenge, og ein snau halvtime før underholdninga skulle ta til hadde me løysninga. Me skulle vera ein toff gjeng med mannekengar. Me kledde opp dei yngste og dei vart verkeleg stilige. Heldigvis hadde Gunn med seg CD-spelar slik at me fekk bakgrunns-musikk under framvisninga. Dei fleste såg ut til å like innslaget vårt, og til slutt fekk me i Svala premie for beste underholdningsinnslag. Det var me krye for.

Utpå kvelden laga me til discotek. Me hadde med CD-spelar med nok lyd-

styrke, så det gjekk greitt. Både dei unge og dei «eldre» fekk svinga seg i løpet av kvelden. Då klokka vart tolv gjekk me til ro. Det var ikkje alle klubbane som la seg til å sova, men me i Svala fekk skryt fordi me var både lydige og snille.

På søndagen var det litt verre å stå opp, men alle greidde det til slutt. Etter frokosten var det klar for ein runde i aktivitetløypa. Då alle var vel ferdige, fekk me middag. Deretter hadde leirleiarane møte med heile gjengen der dei delte ut diplomar o.l.

Til slutt pakka me saman telt og bagasje. Me som aspirantleiarar, tykte dette var ein vellukka leir med mykje lått og løye, og me trur at dei andre meiner det same.

Håpar at me kan få det like gildt på leiren til neste år.

Anne Mette og Siri



Postboks 53, 4360 Varhaug. Tlf. 51 43 08 23



Telefon 51 43 11 08
Mob.tlf. 94 60 16 37
" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug



Fra: Statoil Service Varhaug
Varhaug Autosenter, 4360 Varhaug

Fylkesleir 1998

Sommersprell på Skrettingland

Lørdag den 28. juni var det klart for fylkesleir, som i år som i fjor var lagt til løa til Jonas og Alfild Lea. Heile 270 feststemte deltakere møtte opp, mange av desse overnatta på sjølve leirområdet.

Leiren opna klokka to på ettermiddagen, for innrykk og teltoppsetting for dei som ville vera natta over. Folk byrja å kome då, og utetter. Fram mot programstart klokka atten, var det altså sett av tid til teltoppsett og liknande. Frå denne tida hugsar me best dei fire jentene frå Nærbo, som streva i fleire timar med å sette opp teltet sitt, medan resten av leiren sat i ring rundt dei og gav hjelpsame kommentarar der det var naudsynt.

Mange frå Varhaug stilte opp på dansen, både unge og eldre. Det er godt me har slike arrangement som samlar ulike aldersgrupper. Så får me eit liknande arrangement i bygda i næraste framtid håper me at folk vil vere like flinke til å stille opp då, både «gamle» og unge. Det er då me har det gildt!

Programmet starta klokka atten med musikktevling, der bortimot heile leiren



Vinnarane i swingkonkurransen: Per Terje Dalen og Cathrine Winterstø



Kim og Anne Karen frå Sokndal BU blei nummer 3 i konkurransen

deltok. Sokndal sitt lag vann denne tevlinga. Dette vart så etterfølgt av kvinnebæring gjennom ei godt stukken løype. Torbjørn Barka og Elisebeth Haaland som vinnarar etter ein svært spennande finale.

Då me hadde kome igjennom desse to tevlingane var det ikkje lenge til dansen byrja, der Jet Set spelte opp til dans. Under dansen vart det også avholdt kvalifisering til landsleiren på Ås. I år vart Per Terje Dalen og Cathrine Winterstø kåra til vinnere blant mange andre gode par.

Etter dette måtte showet gå vidare, og bandet spelte til ut i dei små timar for eit godt publikum i svært godt humør, og «goe gang». Vart magen tom utetter kvelden var det moglegheiter for å kjøpe varm mat og litt å bita i. Og slik fortsette det til neste dag for ein heil del. Ei av alle campingvognene stod fortsatt igjen ute i veka. Lurer på kven denne var si?

Arrangementkomitéen for leiren

starta arbeidet mange månader tidlegare. Det er mange timars arbeid som låg til grunn for suksessen. Dette takka vere komitégjengen som har hatt ein glimrande innsats på alle område. Varhaug Bondelag stilte også i år med vakter. Desse gjorde ein veldig god jobb. Takk til alle vakter og dugnadsfolk, og ikkje minst ein stor takk til arrangementkomitéen.

I korte trekk kan me seie at arrangementet gjekk veldig bra. Mange feststemte menneske, god dansemusikk og ein flott plass å vere.

Ein spesiell takk må rettes til Jonas og Alfild som lånte vekk både løe og kjelver til oss, i år som i fjor.



Populær konkurranse; kvinnebæring. Her har vi Elisebeth Haaland som blir bært av Torbjørn Barka som forøvrig vant finalen



God gang på sommersprellen. Her har vi en gjeng fra Bjerkreim som koser seg



Det nye styret

Leiar: Ingunn Helen Reiestad
Adresse: Reiest
Alder: 19
Skule: Vinterlandbruksskulen
Tlf: 51430324
«Hu æ mæ på dæ mesta»

Nestleiar: Hege Kvia
Adresse: Ånest
Alder: 20
Yrke: Lærling
Tlf: 51430700
«Fyge hogt å lågt, alltid.»

Nestleiar: Anne Mette Bjelland
Adresse: Meisevn. 28
Alder: 17
Skule: Time videregående.
Tlf: 51430804
«Fyge i takt mæ Hege»

Kasserar: Svein Borgen
Adresse: Postboks 1.
Alder: 23
Yrke: Montør
Tlf: 91121320
«Manchester Utd. for alltid».

Sekretær: Kjetil Efjestad
Adresse: Kråkevn. 4
Alder: 22
Yrke: Lærling
Tlf: 51430604
«Dæ æ allså all øvetiå på arbei
så gjær at ann alltid ser så sløve ud».

Styremedlem: Steinar Kartevold
Adresse: Rangen
Alder: 17
Skule: Time Videregående.
Tlf: 51430518
«Enn typiske Varhaugbu».

Styremedlem: Tor Jarle Ueland
Adresse: Kråkevn. 15
Alder: 15
Skule: Varhaug Ungdomsskule
Tlf: 51430753
«Æ ann i groen i frå Varhaug?»

Litt til å tenke på:

Er det noko de i bygda savner? Er det noko me i B.U. kan gjere med det? Me i styret skal på lokallagskurs den 26-28. oktober. Då skal me prøva å finne ut kva me skal aktivisere oss sjolve og dykk med i året som kjem. Me veit ikkje kva alle de vil. Derfor er me avhengige av at de kjem med ønskjer, om ting de savner. Vil du dansa, trenar, festa, tevla eller noko anna? Berre ta kontakt med ein av oss i styret (me bite ikkje), så skal me prøva imotekoma ynskjene dykkar.

Husk at innebandy-sesongen er snart i gang. Still opp! Her er det plass til alle som vil mosjonere litt!!!

«VIS HOLDNING VED HANDLING!!!»



Innebandy

Hallo kjære medlemmer, nå er det på tide å trimme litegrann. Me i Varhaug Bygdeungdomslag, skal starte opp med innebandytreninger på Varhaug barne-skole. Både nye og gamle kollemesterer er hjertelig velkomne. De nyetrenings-tidene blir som følger:

-Onsdag :kl.19.30

-Torsdag :kl 19.30

VELL MØTT !

Årsmøte

Jippi, nå har vi hatt årsmøte i Varhaug Bygdeungdomslag. Denne gangen var vi hele 9 representanter fra VBU som møtte frem.

For denne knalltøffe gjengen, var Elisebeth Berge ordstyrer. Årsmeldingen ble gjennomgått og godkjent.

Det nye styret ble godkjent uten noen innvendinger fra salen.

Leder: Ingunn Helen Reiestad
Nestleder: Hege Kvia
Anne Mette Bjelland
Kasserer: Svein Borgen
Sekretær: Kjetil Efjestad
1.Styremed.: Steinar Kartevoll
2.Styremed.: Tor Jarle Ueland

Sjekk denne gjengen dere, her blir det nok dreis over det kommende BU-året. Vi i det gamle styret vil takke for oss, og ønske det nye styret lykke til.

VARHAUGBUENNr. 3 1997

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED



TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG

R. SKRETTEING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



R. SKRETTEING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE • SELSKAPSMAT

Landsleiren-97

Kunnskap & glede - Ås var stedet

Eit reisebrev:

Den 22-27 juli var det landsleir for NBU på landbrukshøgskulen i Ås. Me var 5 staute karar frå Varhaug som reiste østover. Tilsaman var vi ca. 150 frå Rogaland. Dei 2 dagane før leiren starta, var et årsmøte. Frå Varhaug var Halvor med. Han «sleid» med å koma seg opp om morgonen, då han hadde rastahuå med på tur nettene føre.

På årsmøte var det ein uttalelse det blei blesst om i mediane.

NBU oppfordra ungdommane å ikkje bruka stemmeretten ved valget p.g.a få ungdomsakar på programmet. Men dette

er nok ikkje det luraste NBU har gjort. Det var partilederdebatt der leiarane for ungdomspartia stilla opp. Dei vart ikkje



Arest landsleir vart arrangert på Landbrukshøgskulen i Ås

enige denne gongen heller.

Vi som kom først til Rogalandslsleiren bygde eit miljøborg med plastikkoverbygg. Det blæste ned den dagen regnet kom. Eg trur det var Finn som var arkitekten bak dette. Kongen var ikkje med på dette prosjektet, men han kom og kritiserte dette etterpå. Miljøtorget var ein koselige plass der me frå Rogaland samlast til grilling med noko attåt. Utover kveld-

ane vart fleire verdensproblem løyste der.

På landsleiren er det fleire ting som skjer. Det er tevlingar i øst og vest. Det var bl.a. tevling i dei klassiske landbruksgreinene: Hest & ku. TRT (Traktor-Reiskap-Trygghet) der Sveinung var med på å kapra ein 4. plass til Rogaland. Han utfordra også skjebnen med omvendt strikkhopp på 60 meter. Ellers var det NM i swing samt aktivitetar i fotball og volleyball. Men mest av alt bestod veka av fest og morro. Om kveldane var det dans til litt over midnatt med bl.a. Hellbillies og Notodden bluesband. Etterpå bar de over til smørehallen der festen fortsatte. Me var også på landsturne i dei andre fylkesleirane og vart kjende med folk frå heila landet.

Me hadde fint og varmt vær stort sett heila tida. Det var ingen fordel å våkna i ein badstu som combi-campen vart, når sola hadde steikt nokre timar på teltduken. Etter ei veke med grilla (svidde) pølser og kottelettar, lengta me vel alle til mors sine gryter.

Alt i alt var dette noe å anbefala andre å vera med på neste år. Då blir landsleiren arrangert i Buskerud.

Til mor og far: «Me oppførde okke fint !!!!!!!»


Hilsen ein førstereisgutt

Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i

Stasjonsveien 14. på Varhaug

Tlf. 51 43 12 72



KFUM/K-speidarane arrangerer landsleir på Jæren i 1998

Kvart fjerde år arrangerer speidarane landsleir og neste år vert det storsamling på Brusand 4.-11. juli. Det er første gong ein landsleir er lagd til Hå kommune og Rogaland. Venteleg vil omlag 8000 gutar og jenter i alder fra 12-17 år delta.



Positive jenter på kretsleir i fjor

Frå kretsleiren i fjor på Furenestet ved Jørpeland. Ein glad gutegjeng frå Varhaug samla ved inngangsportalen til speidargruppa.



Varhaug Speidarane

I gutespeidaren er det 36 gutar, medan jentene tel 35. Alder 11-16 år.

Vi har felles R/R-lag, dvs. for dei som er over 16 år, og der er det 15 med nå etter at 8 har reist på skule/i militæret.

Jentene har teke inn 5 nye i år, medan gutane planlegg å ta inn 8 nye. Alder frå 6. klasse. Interesserte kan innan 1. oktober ta kontakt med Ole Andreas Aarsland, tel. 51431143. Likt med andre lag som arbeider blant ungdom har vi behov for fleire leiarar.

Gjennom året driv vi tradisjonelt speidararbeid i samsvar med KFUK og KFUM sine program med vekt på bl. a.:

Førstehjelp, dvs. kunnskap om enkel førstehjelp, korleis vi skal opptre ved ulukker og unngå ulukker.

Friluftsliv, dvs. skape lyst til friluftsliv, motivera for friluftaktivitetar på

naturens premissar og kunnskap om korleis ein innrettar seg i naturen.

Naturkjennskap, dvs. læra å verta glad i naturen og ta vare på den som Guds skaparverk. Gje kjennskap om planter og dyr og deira miljø.

Nevenyttighet, dvs. fingerferdighet og skaparevne. Gje hjelp til å meistra praktiske livssituasjonar. Det betyr trening i bruk av trevirke, tau, øks, sag, kniv på ein fornuftig og forsvarleg måte.

Opptreden, dvs. trening i å opptre i ei forsamling, både i alvorlege og underholdande situasjonar.

Kristendom, dvs. kjennskap til Bibel, bønn, gudsteneste, kristen tru og etikk, misjon.

Programmet er ikkje tilfeldig tidsfordriv, men byggjer opp under målet

om å la barn og unge mota det kristne budskap, kunne meistra praktiske livssituasjonar og til å ta ansvar for seg sjølv og andre.

Per Åge Skretting

**Støtt våre
annonsører**

Dei støtter oss

Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmanskjelleren 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinneklag

Opplag: 1200

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Ingunn Helen Reiestad
Tlf: 51 43 03 24

Tor Jarle Ueland
Tlf: 51 43 07 53

Svala 4H

Jon Flåten
Tlf: 51 43 08 38

Varhaug Bondelag

Helga Bohn Skrettingland
Tlf: 51 43 06 27

Geir Egil Ånestad
Tlf: 51 43 05 74

Varhaug Bondekvinneklag

Liv Hobbestad
51 43 03 93

Chonstance Håland
Tlf: 51 43 02 68

Internatet:

51 43 78 20

Stoffrist:

**12. November
1997**

Til nr. 4
Bladet kjem ut uke 48

Lura Trykkeri a.s.

Kva skjer?

Varhaug Bondelag:

September

23 Årsmøte, Banksalen

Svala 4H:

Desember

6 Plastinnsamling

Varhaug Bondekvinneklag:

September

25 Årsmøte, eldresenteret, kl.19.30

Oktober

25 Hausttakegudsteneste

30 Medlemsmøte, eldresenteret

November

27 Medlemsmøte, eldresenteret



Bohus
STUELAND

VARHAUG: Tlf. 51 43 00 77

HÅBYGG a.s

Jenbaneveien, 4350 Nærbø

Tlf. 51 43 32 84 * Telefax 51 43 22 02

Dublandsveien 37, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 55 * Telefax 51 43 10 87



Varhaug Servicenter A/S

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG